

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 22/2005

Møtedato: 15.6.05

Arkiv nr: S 536

## S 536, Soleikro – inngjerda beite

I brev datert 14.11.03 skriv Erik Eriksrud er i ferd med å kjøpe egedomen Haugene 12/6, 13/6 og 11/10 og han søker om å få vist ut ca 25 da stort område nordvest for eksisterande stølutmåling. Arealet skal ryddast for vegetasjon og brukast til beite for sau. Selet er i dårleg stand og ligg nær vegen. Søkjaren ynskjer derfor å føre opp nytt sel på beitet som han søker om å få vist ut.

Etter stølsforskriftene § 6 blir søknad om tilleggsjord/inngjerda beite avgjort av Statskog etter uttale frå fjellstyret. Fjellstyret skal leggja søknaden ut til offentleg ettersyn.

Bygging på støl i bruk skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter: Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setjast vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

På stølen er det frå før to fjøs (54 og 26 m<sup>2</sup>) og sel (39m<sup>2</sup>). Statskog og fjellstyret er samde i den praksis at nye sel skal plasserast i samanheng med eksisterande tun. Alternativt kan eksisterande hus flyttast til nytt stølstun.

Statskog skriv i e-post datert 2.12.03 følgjande:

Stølsforskriftens § 14 sier at seterhus kan bygges om eller utvides etter § 13 når en skal ta opp igjen stølsdrifta. Dette er vel greitt når det skjer innen eksisterende stølutmåling selv om det er bare for sauedrift. Skal det imidlertid bygges opp ny støl et annet sted, mener vel Statskog at det ikke bør vises ut nye støler til sauedrift, noe fjellstyret tidligere har sagt seg uenig i. Det må vel da først avklares om slik flytting av støl kan godkjennes til sauedrift. Etter §6 i siste stølsforskriftene jeg har skrevet ut fra Lovdata 18.06.03 ser det ut for at Statskog også skal vise ut stølsvollen. Det skal vel da vises ut et mindre areal til støl og resten av det omsøkte areal som beite/tilleggsjord der gamle stølutmålingen eventuelt kan inngå. Jeg forutsetter da at gamle bebyggelsen må fjernes/flyttes. Tidligere har vel fjellstyret hevdet at de etter gammel tradisjon skal vise ut tomt til stølsbebyggelsen og hele stølsvollen.

I sak 63/03 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret meiner at stølshusa må førast opp i tunløysing og at den beste løysinga då er å føre opp nytt sel nedanfor eksisterande sel. Teikningar på huset med ny plassering må oversendast før saka kan behandlast. Om søkjaren ynskjer det, kan fjellstyret sjå på saka under befaring den 14.6.04.

Fjellstyret ser positivt på søknaden om beite inntil stølen.

Søknaden kan fyrst bli teke opp til realitetsbehandling når eigedomsoverføringa er i orden.

Eriksrud har fått konsesjon ved vedtak i formannskapet den 17.6.04 og har no overteke egedomen.

I brev datert 16.8.04 søker Eriksrud i staden for nytt sel om å få bygge på selet med 10 m<sup>2</sup> samt føre opp utedo på 1,5 x 1,5 m. I tillegg ynskjer han å setja opp ein tett og høg skigard mellom sel og veg for å dempe trafikk- og støvplaga. Frå før er det sel på 38 m<sup>2</sup>, fjøs 55 m<sup>2</sup> og fjøs på 29 m<sup>2</sup>.

Dersom stølen er i bruk som støl har ikkje Statskog merknader til søknad om tilbygg på sel og oppføring av utedo.

Eriksrud ynskjer også svar på om kva som kan gjerast med støvplaga/farten forbi stølen, om det er mogeleg å få opp ferist i vegen sør for S.Syndin og kva kan gjerst med dårlege gjerder på nabostølar. Fjellstyret såg på saka saman med søkjaren og Statskog under befaring den 14.6.04.

Det er ligg ikkje føre planer om ferist i vegen ved Sørre Syndin. Eventuell støvplage må takast opp med vegstyret. Melding om dårlege gjerder kan rapporterast direkte til eigaren, til fjellstyret eller dyrevernet.

Fjellstyret driv med registrering av dårlege gjerder og vil skrive til stølsbrukarar med dårlege gjerder med frist til å rette opp i dette.

I sak 38/04 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene.*

*Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.*

*Fjellstyret legg søknad om tilleggsjord ut til offentlig ettersyn.*

Fjellstyret har motteke følgjande protest frå nabostølsbrukar Torbjørn Moen mot utvisinga:

### **Merknader/klage til sak 38/2004 - Inngjerding av beite Haugostølen**

*Eg syner til sak om inngjerding av areal ved Haugostølen for beite, uttalefrist til 1. des. 04. Som stølsnabo til det omsøkte området har eg synspunkt på saka.*

*Eg reagerer sterkt på framlegget og vil sterkt frårå Fjellstyret å gå inn for ein slik søknad. Staden der inngjerding er aktuelt har tradisjonelt vore ein av dei beste og enklastenedkomstane til vatnet. Med inngjerding her vil Sørre Syndin bli vanskeleg tilgjengeleg over eit endå lengre område. Lenger nord er det vanskeleg atkomst med bl.a. mykje blaut myr. Det er også ein mykje nytta «rasteplass/stoppeplass» langs vegen på den aktuelle staden. Det er også vanleg å landdra med oter m.v. i dette vatnet, noko vi har lange tradisjonar for. Meir inngjerding vil gjera dette endå vanskelegare. Fjorden er ein av dei viktigaste goda vi har i dette området og det er viktig at allmennheiten har god og lett atkomst.*

*Inngjerding vil også avskjera folk frå å bruke dette arealet og som elles er særst fint. Det er grunn til å minne om at Haugojordet også tidlegare i seinare år er utvida. Det omsøkte arealet kan heller ikkje vera spesielt attraktivt beiteareal.*

*Inngjerding av beiteareal utan dyrking er ein uting i fjellområde som dette og det er mi meining at Fjellstyret må vera restriktiv. I dette høvet er det så vidt eg forstår tale om sauebeite. Det vil vera meir naturleg for sauene å beite fritt slik som alltid har vore vanleg her. Det finst allereie, for eksempel, fleire dyrkingar i denne delen av statsallmenninga som korkje er i bruk og som er svært skjemmande og til hinder for allmenn ferdsel. I mange høve har eg inntrykk av at det er lite samsvar i den praksis fjellstyret har hatt på dette. Eit viktig spørsmål må også vera kva slags jordbruksdrift som verkeleg blir dreve ved den aktuelle eigedomen.*

*Eg vil også gjerne vite kva eigaren refererer til som dårlege gjerder på nabostølar. Gjeld det underteikna, vil eg gjerna ha tilbakemelding på det.*

*Konklusjon: Eg frårå at Fjellstyret går inn for denne søknaden og heller ev. finn andre løsingar. Ei inngjerding på denne staden vil virke svært uheldig, noko også ei nærare befarung lett vil kunne syne. Det synest diverre som det manglar lokalkunnskap i denne saka.*

I sak 56/2004 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Med bakgrunn i klagen frå Torbjørn Moen finn fjellstyret å utsetta saka til befarung den 13. juni slik at ein får sett nærare på dei spørsmål som er reist i brevet.*

Fjellstyret såg på saka under befarung den 13.06.05 saman med Statskog, Erik Eriksrud og Torbjørn Moen. Ein såg på ei redusert inngjerding som stoppa i svingen nord for stølen, ca 100 meter avstand frå stølsjordet (UTM-koordinatar; nord: 6768658, aust: 0489930) . Eriksrud opplyste også at han hadde ynskje om å flytte gjerdet på øvresida av husa inntil vegen for å lette gjerdehaldet.

### **VEDTAK:**

Fjellstyret tilrår at Eriksrud får vist ut areal mot nordvest inntil grensa ein såg på ved befarunga. Etter fjellstyret sitt syn blir det for kort avstand til vegen til å vise ut meir areal på øvresida av husa og ein kan ikkje tilrå dette.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 22.6.05

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Vestre Slidre kommune LNT  
Erik Eriksrud, 2846 Bøverbru  
Torbjørn Moen, 2967 Lomen